

**Saksprotokoll i fylkestinget - 17.12.2019**

**Frank Willy Djuvik (FRP)** sette fram slikt forslag:

- (a) Nytt punkt 2:  
Vestland Fylkeskommune skal ha ein gjennomført nynorsk profil i sin eksterne kommunikasjon, men tilsette kan velje det administrasjonsmålet som dei skriv best i intern sakshandsaming.
- (b) Nytt punkt 3:  
Innkommande korrespondanse frå innbyggerane, vert besvart på avsendaren si målform.

**Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.  
Djuvik sine forslag (a) og (b) fekk 7 røyster (FRP, PP) og fall.

**Vedtak**

Fylkestinget vedtek nynorsk som administrasjonsspråk for Vestland fylkeskommune.